

bokLEK



FOR ALLE SKULESTARTARANE I MØRE OG ROMSDAL

LEIK MED BOKA!

ALLE BARNA som går siste året i barnehagen, blir invitert til folkebiblioteket for å møte forfatteren eller ein formidlar.

Boklek-forfattar i Møre og Romsdal i 2026 er **MARTINE GRANDE**. Ho reiser saman med **KRISTINE HAUGLAND** og **MARIANNE SUNDAL** rundt til alle folkebiblioteka i Møre og Romsdal for å formidle biletboka *Stor*, som handlar om kva det vil seie å vere stor, liten og akkurat passe seg sjølv.

LEIK MED BOKA!

Bøkene til Grande kan lånast på ditt lokale folkebibliotek. Alle barnehagar som deltek, får eit eksemplar av boka. Vi oppfordrar barnehagane til å gå inn på boklek.no for nyheiter, tips og idear til aktivitetar til *Stor*. Aktivitetane kan gjennomførast i barnehagen og heime før og etter besøket på biblioteket.



ÅRETS FORMIDLARAR!



MARTINE GRANDE er forfattar, illustratør og animatør. Ho har laga ei rekke letlesbøker og biletbøker på nynorsk. Ho har også laga filmar og teatermanus basert på bøkene.



MARIANNE SUNDAL er forteljar og har lang erfaring med fortellingar, framsyningar og kurs. Sundal har jobba mykje med elevar og lærarar. Ho lagar også egne framsyningar.




TJODUN FELLAND har arbeidd som forteljar sidan 2003 og er tilknytt øvingsfellesskapet Forteller Lab Oslo. Ho lagar framsyningar for både barn og vaksne, og held i tillegg kurs i munnleg forteljing.



THOMAS JØRSTAD PETERSEN er tekstforfattar, dramatikar og produsent. Sidan februar 2022 har han reist rundt med forteljarstund-teaterframsyningar som kombinerer leseglede og bøker med teater, leik og refleksjon.





BOKLEK starta i 2014 og er eit samarbeid mellom Norsk Litteraturfestival og Innlandet fylkesbibliotek. I 2026 blei bokLEK utvida til turnear i Rogaland, Telemark, Østfold, Buskerud, Trøndelag og Møre og Romsdal i samarbeid med fylkesbiblioteka. Målet er å skape positive litteraturopplevingar gjennom formidling, høgtlesing og forteljing, og ved å lytte, teikne, dikte og skape

MEIR INFORMASJON PÅ BOKLEK.NO



Møre og Romsdal
fylkeskommune



Kulturrådet

NORSK SIGRID UNDSSET-DAGENE LILLEHAMMER
LITTERATURFESTIVAL
01. – 07. JUNI 2026